



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Møteinkalling

Utval: **Nærøyfjorden verneområdestyre**

Møtestad: Nordheimsdalen

Dato: 12.06.2023

Tidspunkt: 08:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Gunn Åmdal Mongstad og vara Noralv Distad har meldt forfall til møtet.

12. juni er det synfaring og tur til Bleia-Storebotnen landskapsvernombåde og Nordheimsdalen naturreservat. Turen går frå Frønningen via Storebotnen, Nordheimsdalen og ned til fjorden i Nordheimsdalen. Det vert båtskyss til Aurland, der det er middag og overnatting.

13. juni kl. 08.30 er styremøte i kommunehuset i Aurland.

Orienteringar:

Status tiltaksplan og budsjett

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 20/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 21/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 22/23	Orienteringar og referatsaker		
RS 7/23	Dispensasjon - Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo til Hjølmo - motorferdsel el-sykkel - Terje Fjellkleiv	2023/5675	
RS 8/23	Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Ramsøy - motorferdsel i samband med granhogst - Statsforvaltaren i Vestland	2023/5733	
RS 9/23	Melding - arbeidsuhell - Bleia-Storebotnen, maskin gjennom isen - Statnett	2022/6368	
RS 10/23	istandsetjing av steinkaien ved Stegalandet	2023/8140	
RS 11/23	Referat - Stalheimskleiva - verdiskapingsprosjekt - 120523	2020/16261	
ST 23/23	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen - inngjerding sauebeite	2023/8234	
ST 24/23	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen - motorferdseltransport - helikopter	2023/7454	
ST 25/23	Nærøyfjorden landskapsvernområde - inngjerding av salteplassar for å hindre spreiing av skrantesjuke (CWD) - utvida periode	2023/8549	
ST 26/23	Nærøyfjorden landskapsvernområde - basestasjonar - bjøllesystem for sau	2023/6830	

ST 20/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 21/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 22/23 Orienteringar og referatsaker
RS 7/23 Dispensasjon - Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo til Hjølmo - motorferdsel el-sykkel - Terje Fjellkleiv
RS 8/23 Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Ramsøy - motorferdsel i samband med granhogst - Statsforvaltaren i Vestland
RS 9/23 Melding - arbeidsuhell - Bleia-Storebotnen, maskin gjennom isen - Statnett
RS 10/23 istandsetjing av steinkaien ved Stegalandet
RS 11/23 Referat - Stalheimskleiva - verdiskapingsprosjekt - 120523



Arkivsaksnr: 2023/8234-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 02.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	23/23	12.06.2023

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Øvste Stigen - ingjerding sauebeite

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Ottar Stegen løyve til å sette opp permanent gjerde rundt innmarka på Øvste Stigen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3, punkt 1.3 b) og f).

Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

- Gjerde skal settast opp rundt innmarka slik det er skissert med rauda strek i kartet i vedtaket (figur 1). Gjerdet som vert sett opp skal vera av typen lammenetting.
- Det kan setjast inn dobbelgrind i gjerdet mellom fremste og heimste vollen, for å køyra slåmaskin og trillebår mellom tunet og slåtteteigen.
- Gjerdet skal ikkje stenge ferdselsvegar i området. Det skal setjast opp grind dersom gjerdet kryssar stien.
- Gjerde som vart sett opp i 2022 skal rivast og fjernast frå området innan 01.10.2023, jf. saksprotokoll 26/22 – 11.10.2022, Nærøyfjorden verneområdestyre.
- Gjerdet, gjerdestolpar og grinder som vert sett opp, skal fjernast når innmarka ikkje skal brukast som beite.



Figur 1 Kartet viser gjerdetrase med raude strekar, omtrentleg plassering av gjerde og grinder.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om inngjerding av sauebeite, og nye grinder på Øvste Stigen, *Ottar Stegen*, 29.05.2023
- Saksprotokoll 26/22-11.10.2022 – Nærøyfjorden verneområdestyre
- Delegert vedtak 18.06.2021 – Nærøyfjorden verneområdestyre

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Søknad


Irene og Ottar Stegen søker om å sette opp gjerde for å utvida sauebeiting på innmarka på Øvste Stigen. Noko av gjerdet skal setjast opp i år, og noko i 2024. Dei ynskjer at sauene skal beita på innmarka, og ikkje i utmarka.

Ottar Stegen og familien arbeider med istandsettinga av bygninga og kulturlandskapet på Øvste Stegen Høgdagard. Dei vurderer ulike moglegheiter for drift og skjøtsel av garden vidare framover. Dei hadde to utegrisar i inngjerdinga i 2021, og i 2022 hadde dei to lam på beite her. I 2023 vil dei ha fleire sauar på beite. Dei har planar om å auka saueflokkene i 2024. I 2024 skal dei reforhandla avtalen dei har med Nedste Stigen om beite. Etter ny avtale er på plass, vil dei setja opp resten av gjerdet rundt innmarka. Kartet vedlagt søknaden viser kvar



Nærøyfjorden verneområdestyre

gjerde skal setjast opp. Strekane på kartet er omtrentleg plassering. Gjerdet må tilpassast terrenget når det skal setjast opp, og vil ikke vera nøyaktig slik det er skissert på kartet.



Figur 2 Kartet viser plassering av gjerde. Raude strekar er nytt gjerde. Kopi frå søknad

Dei søker i tillegg om å sette inn ny grind. Ei enkelt grind mellom tunet og slåtteteigen i aust skal bytast ut med ei dobbelgrind. Dei har bruk for breiare grind for å koma gjennom grinda med slåmaskin og trillebår. Grinda skal vera av same typen som er der i dag. Den mellombelske tregrinda som er sett opp, skal fjernast når ny grind er på plass.



Grinda vert den same, men dette tilhenget vert i tillegg.



Figur 3 Bilde viser plassering av ny grind, og type grind. Kopi fra søknad

I 2021 og 2022 gav Nærøyfjorden verneområdestyre løyve til oppsett av midlertidig gjerde for beiting med sau på innmarka. Desse gjerda skal takast ned når nytt gjerde vert sett opp. Det vart også gitt løyve til å ha eit griseskur ståande. I vedtaket i sak 26/22 vart det sett vilkår om at gjerdet og griseskuret skal fjernast innan 01.10.2023.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.



Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode, jf. verneforskrifta § 3, punkt 1.1

§ 3, punkt 1.2: Reglane er likevel ikkje til hinder for:

- a) Landbruksdrift på eksisterande innmark. Drifta må ta omsyn til landskapet sitt særpreg og spesielle karakter.
- b) Beiting, rydding av beite, slått og lauving, når dette ikkje stirr mot verneformålet

§ 3, punkt 1.3. Forvalningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løyve til:
f) Oppsetting av nye gjerde (som ikkje gjeld stenging av skorfeste og oppsetting av kve).

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Høgdegardane på Stigen er eit viktig landskapselement i Nærøyfjorden landskapsvernombord, og bevaring av kulturlandskapet er eit viktig føremål med vernet. Ottar og Irene Stegen er grunneigarar på Øvste Stigen. Dei har ikkje landbruksdrift i dag, men gjere ein viktig jobb med å slå og halde kulturlandskapet ope. Sidan det er landbruksaktivitet på innmark dei søker om løyve til, blir søknaden handsama etter § 3, punkt 1.3 i verneforskrifta.

Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar på området som vil kunne ta skade av inngjerding og beite (naturbase 01.06.2023). På Nedste Stigen er den trua sommarfuglen stor bloddråpesvermer registrert. Denne er knytt til lysåpen, blomsterrik mark, og det er ikkje usannsynleg at den også er i slåttemarka på Øvste Stigen. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

I forvalningsplan er skjøtsel av kulturlandskapet omtalt som viktig tiltak for å ta vare på verneverdiane. Høgdegardane på Stigen er trekt fram som eit av dei mest verdifulle kulturlandskapsområda i Nærøyfjorden landskapsvernombord, og høgdegardane vart trekt fram som ein viktig verdi når Nærøyfjordområdet fekk verdsarvstatusen saman med Geirangerfjordområdet. Aktiv landbruksdrift med driftsmetode tilpassa dette landskapet, vil vera den beste måten for å ta vare på dette kulturlandskapet. På Nedste Stigen driv dei aktiv landbruksdrift kombinert med turisme. Det er positivt at også Øvste Stigen vil auka aktiviteten med sauebeiting, og kanskje få aktiv landbruksdrift tilbake på garden. Dei har ikkje lagt fram ein langsiktig plan for landbruksdrifta, men ynskjer å satsa på turisme og kulturformidling. Bruk og skjøtsel av området vil vera med å ta vare på kulturlandskapet, men aktiviteten må vera i tråd med verneverdiane og verneføremålet. Beite og slått av innmarka på Øvste Stegen vil vera med å halda området opent, og vil vera positivt for det biologiske mangfaldet i området. Det er ikkje forventa at tiltaket vil gje auka belastning på økosystemet, jf. nml. §10.

Inngjerding av innmarka vil ikkje gje skade på naturverdiane, og er eit reversibelt tiltak. Landbruksjef i Aurland kommune har uttalt at det er positivt med auka beiting i området, og er positiv til gjerding. Av økonomiske grunnar, tilrår landbruksjefen at det vert sett opp kortare strekningar med gjerde. Gjerdemateriale og grinder som skal nyttast er vanleg



Nærøyfjorden verneområdestyre

gjerdeutstyr i dette området, og er vurdert som ein god og miljøforsvarleg metode for å ha sauar på inngjerde område, jf. nml. § 12. Gjerdet bør vera av typen lammenetting, slik at ikkje lam set seg fast i nettingen. Det er ikkje venta at tiltaket vil føre til skade på naturverdiane, og nml. §11 er difor ikkje vektlagt i denne saka.

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og det vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Forvaltar rår til at det kan setjast opp gjerde til sauebeite på innmarka.



Arkivsaksnr: 2023/7454-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 02.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	24/23	12.06.2023

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Øvste Stigen - motorferdseltransport - helikopter

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Ottar Stegen løyve til inntil 10 landing med helikopter på Øvste Stigen for frakt av materiale og utstyr. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 2.3 og gjeld med følgjande vilkår:

- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt for transport av materiale og utstyr til gjerde på Øvste Stigen, materiale til innreiing av løa, drivstoff og gass. Avfall kan fraktast med på returtransporten
- Transportperioden gjeld for inntil to dagar i perioden frå og med 15. juni til og med 30. juni 2023.
- Transportruta er frå Undredal til Stigen.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Om mogleg skal det ikkje flygast på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Bruk av helikopter skal meldast til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 97097720) seinast dagen før transport.
- Dersom det er mogleg, skal transporten samordnast med anna transport i området.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.08.2023 med informasjon om dato og tal landingar på Øvste Stigen.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om helikoptertransport til Øvste Stigen, Ottar Stegen, 11.05.2023

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009



Nærøyfjorden verneområdestyre

- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Ottar Stegen søker om inntil 10 landingar med helikopter på Øvste Stigen. Han skal transportera gjerdestaur, netting, grinder, materiale og utstyr til innreiing og oppdeling av rom i løa, materiale til do i løa, tørrmørtel, pukk og armeringsmatter til betonggolv i kjellaren i løa, drivstoff og gass. I tillegg skal dei transportera jern, skrap og anna avfall i retur frå Stigen til Undredal.

Flygeruta er frå Hjellum i Undredal til Øvste Stigen. Transporten er planlagt i tidsrommet 1. – 30. juni.



Figur 1 Kart med innteikna transportrute. Kopi frå fylkesatlas

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk



og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

Motorferdsel er forbode, likeeins lågtflyging under 300 meter og landing jf. verneforskrifta § 3 punkt 2.1. Forvaltninga «*kan gje løyve til luft- og snøscootertransport av materiale til hytter, bruar m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar*» jf. verneforskrifta § 3 punkt 2.3.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Øvste Stigen er ein høgdegard innanfor Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Garden ligg i lisida over Aurlandsfjorden. Det er ikkje landbruksdrift på garden i dag, men det er aktivitet med sauebeite og skjøtselslått av innmarka..

Transporten det vert søkt om gjeld frakt av gjerdemateriale til inngjerding av sauebeite på innmarka, drivstoff, gass, og materiale til innreiing av løa. Stegen har søkt om å få sette opp gjerde rundt deler av innmarka på Øvste Stegen. Forvaltar har tilrådd at styret gjev løyve til inngjerding. I verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombordet er det ikkje reglar for tiltak inne i ein bygning. Reglane gjeld berre tiltak som kan påverka landskapets art og karakter, og tiltak som påverkar verneverdiane. Innreiing av løa er difor ikkje søknadspliktig etter verneforskrifta. Endra bruk av ein driftsbygning frå landbruksdrift til reiselivsaktivitet, kan vera søknadspliktig etter plan- og bygningslova, og må vurderast av Aurland kommune.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden og synfaringar i området. Den einaste kjente trua arten som er registrert i området (Naturbase 01.06.2023), er sommarfuglen stor bloddråpesvermar (EN i Norsk raudliste for artar) som er funnen på Nedste Stigen. Denne arten er ikkje forventa å bli negativt påverka av helikopterlandingsa. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt nok for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Løa på Øvste Stigen er eit viktig kulturminne i Nærøyfjorden landskapsvernombordet, og verneområdestyret har gitt løyve til restaurering av løa i sak 2020/3927. Verneområdestyret har gitt løyve til transport av materiale og utstyr i fleire omgangar siste åra. Helikopter er vurdert som naudsynt for å transportere tunge gjenstandar og større mengder materiale opp til Øvste Stigen. Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga eit tiltak kan få på økosystemet og verneverdiane jf. nml. § 10. Aktiviteten som er planlagt med turisme og kulturformidling på garden, er eit positivt tiltak for å formidla verneverdiane i landskapsvernombordet, og kunnskapen om bruken av området. Dersom aktiviteten medfører stor auke i motorisert ferdsel, kan det gå ut over verneverdiane ved at det vert auka støy og uro. Før det vert arbeid vidare med prosjekta på Øvste Stigen, meiner forvaltar tiltakshavar bør leggja fram ein plan for aktiviteten på Øvste Stegen som viser korleis driftsfasen er planlagt, og om det er forventa auke i motorisert ferdsel i samband med aktiviteten.

Transporten som det no vert søkt om er omfattande. Forvaltninga ynskjer å praktisere reglane i landskapsvernombordet på ein måte som held motorferdsela på eit nivå som ikkje er til skade for naturmangfaldet, og ikkje gjev unødig støy. Dersom det er mogleg, bør



transporten samordnast med anna transport i området for å avgrensa belastninga av motorisert ferdsel i området. Med avgrensing i transporten, vurderer forvaltar den samla belastninga av motorferdsle i Nærøyfjorden landskapsvernområde til å vera på eit akseptabelt nivå.

Helikoptertransporten vil ikkje medføre særleg miljøforringingar utover den tida den pågår. Nml § 11 er vurdert til ikkje å vera relevant i denne saka.

Det er viktig å avgrensa aktiviteten med helikoptertransporten, og tiltakshavar må avgrensa transporten til det som er strengt naudsynt for aktiviteten på Øvste Stegen Høgdagard. Det er sett vilkår om å avgrensa transporten til inntil to dagar for å samla aktiviteten. Helikopter er einaste moglege måte å transportere tungt utstyr og materiale til Stigen på. Transporten vert vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml § 12.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar det kan gjevast løyve til bruk av helikopter til transport av materiale og utstyr til gjerde og til innreiing av løa på Øvste Stigen. Løyvet vert tilrådd med heimel i verneforskrifta § 3, punkt 2.3.



Arkivsaksnr: 2023/8549-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 02.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	25/23	12.06.2023

Nærøyfjorden landskapsvernombord - inngjerding av salteplassar for å hindre spreiing av skrantesjuke (CWD) - utvida periode

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Mattilsynet dispensasjon til utvida periode for etablerte grindanlegg på fem salteplassar i Nærøyfjorden landskapsvernombord. Grindanlegga skal hindre spreiing av CWD. Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og andre alternativ.

Dispensasjonen er gjeve på følgjande vilkår:

- Utvida periode gjeld for 2 grindanlegg i Frondalen, 2 grindanlegg i Ljosdalen og eit grindanlegg i Øyane. Den utvida perioden gjeld frå 01.09.2023 til 01.10.2028.
- Vedtaket gjeld for perioden 01.07.2023 – 01.07.2023.
- Der det er naudsynt med ekstra sikring av grindanlegga, kan det lagast festepunkt for stroppar og bardunar med å bore hol i fjell eller stein. Feste kan i tillegg vera stolpar i jorda.
- Mattilsynet er ansvarleg for at grindanlegga er solide nok til å stå gjennom vinteren, og at anlegga ikkje utgjer fare for dyrevelferd til beitedyr og ville artar.
- Alle grindanlegga skal merkast med kontaktinformasjon til Mattilsynet.
- Etter dispensasjonstida er gått ut, er Mattilsynet ansvarleg for å fjerne grindanlegga og festeanordningane. Mattilsynet er ansvarleg for gjennomføring av eventuelle avbøtande tiltak.
- Nærøyfjorden verneområdestyre kan til ei kvar tid trekke tilbake dispensasjonen dersom lov eller forskrift vert endra, eller dersom vilkåra for dispensasjonen ikkje vert overhaldne.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Søkjar er ansvarleg for å ha naudsynt løyve etter anna lovverk.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:



- Søknad om dispensasjon, *Mattilsynet*, 01.06.2023
- Nærøyfjorden verneområdestyre, delegert vedtak 10.07.2017 (ref. 2017/2597)

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Søknad

Mattilsynet søker om å få oppretthalda grindanlegga som er sett opp på 5 salteplassar i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Dei søker om å utvida perioden til 01.10.2028. Grindanlegga vart sett opp i 2017 etter at den smittsame sjukdomen skrantesjuke (CWD) vart påvist på reinsdyr i sone 1 i Nordfjella villreinområde. Alle reinsdyra i sone 1 i Nordfjella vart avliva som ledd i kampen mot sjukdomen i 2017-2018. I 2020 vart det påvist CWD på to villreinar på Hardangervidda. CWD er ein svært alvorleg sjukdom hjå hjortevilt. Smittestoffet er eit prion som er svært motstandsdyktig mot miljøpåverknad, og smittedosen er svært låg. Smittestoff som til dømes finst på salteplassar, kan forårsaka sjukdom hjå hjortedyr i mange år etter det er utskilt frå eit smitta dyr. Smittefarene vil verta gradvis redusert med åra, men det er stor uvisse kor lang tid det kan ta. Mattilsynet har antatt at smittestoffet kan smitte hjortedyr i mellom 5 og 10 år i norsk natur.


Vitskapskomiteen for Mat og Miljø (VKM) har vurdert risikofaktorar for spreiing av CWD i fleire rapportar. Salteplassar er ein av risikofaktorane som er tungt vektlagt i vurderingane. Årsaka er at salteplassar er samlingsplassar for hjortevilt, både av same art og av ulike artar. Dette aukar risikoen for smitte også til hjort og elg. Det er difor vurdert at inngjeringa av salteplassane bør vidareførast for å hindre spreiing av CWD.

Etablerte grindanlegg er godt sikra, men det kan vera trøng for meir sikring på nokre av grindanlegga. Sikringa vert gjennomført med stropper festa i stein eller fjell, eller festa til stolpar sette i jorda. Mattilsynet opplyser at det har ikkje vore kjende hendingar med skade på dyr i tilknyting til grindanlegga i Nordfjella dei siste 3 åra. Det er viktig med tilsyn med grindene for at grindene skal vera funksjonelle, og at dei ikkje skal vera til fare for hjortevilt og tamme beitedyr.

Nærøyfjorden verneområdestyre gav dispensasjon til å sette opp grindanlegg på 7 salteplassar i Nærøyfjorden landskapsvernområde i 2017 (delegert vedtak 10.07.2017). Det vart gitt dispensasjon til tiltaket i perioden 01.07.2017 – 01.09.2023. Det vart sett opp 5 grindanlegg; 2 i Frondalen, 2 i Ljosdalen og 1 i stølsområdet Øyane. Eine grindanlegget i Frondalen og eit i Ljoren vart ikkje sett opp. Kartet under viser plassering av grindanlegga slik dei var planlagt i 2017.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2:
«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområde, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Dette gjeld mellom anna «Oppføring av anlegg og faste innretningar...» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1 a). Inngjerding av saltsteinar er ikkje regulert i verneforskrifta som spesifisert dispensasjonsregel, og må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48, «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Søknad om oppsett av grinder i 2017 vart vurdert etter verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48. Denne søknaden vert vurdert etter same



lovverket. Område med saltsteinar er vurdert som høgrisikoområde for smitte av CWD. Grindanlegga vart sett opp for å hindre smitte mellom villrein og til anna hjortevilt. Etter fyrste beitesesong vart grindanlegga lukka slik at ikkje sau eller heller kunne koma inn i grindanlegga. Smitte frå dyr kjem inn under fyrste ledd og andre alternativ, tryggleiksomsyn, i naturmangfaldlova § 48. Innhegninga vert difor vurdert etter dette alternativet.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet, Naturbase og oppsyn i området ved Statens naturoppsyn. Det er ikkje kjente sårbare naturtypar i området der gjerda står. Det er ikkje registrert sårbare artar utanom villrein som kan verta påverka av tiltaket. Området der grindene står er innanfor og i grensa til Raudafjell villreinområde. Villreinen i dette området har utveksling med villrein både i Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.

Villrein er registrert i nærliken av fleire av salteplassane. Området ved Øyane er observert som kalvingsområde. Innhegningane kan virka forstyrrende på villrein. I desse områda er innhegningane plassert med god avstand, og dei er plassert nede i dalen. Forvaltar vurderer difor at innhegningane ikkje er til hinder for villreinen sin bruk av området. Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga tiltaket vil få på naturmiljøet jf. nml. § 10. Dei fem salteplassane som er etablert med grindanlegg vil ha innverknad på landskapet, og vil kunne ha negativ verknad på landskapsopplevelinga. Grindanlegga skal stå i ei avgrensa tid, og er eit reversibelt tiltak. Det er berre boltane til feste av grindene som vil sette varige spor med hol eller boltar i fjellet. Det er difor viktig å avgrensa bruk av boltar til det som er strengt naudsynt. Med dei vilkåra som er sett, vurderer forvaltar den samla belastninga på naturmiljøet som akseptabelt.

Tiltakshavar skal dekke kostnadane for å hindre eller avgrensa skade på naturmangfaldet jf. nml. § 11.

For å få minst mogleg spor etter grindene, er det viktig at boltane vert fjerna eller eventuelt kappa på plan med berggrunnen samtidig som grindanlegga vert demontert og transportert ut av området. Det skal ikkje stå restar att over bakkeplan. Tiltakshavar er ansvarleg for at lettgrindene er godt nok forankra og at dei tåler vind og vêr gjennom heile året, då særleg med tanke på vinteren med snø og is. Grindene må stå i mot press frå hjortevilt og andre dyr. Det skal førast tilsyn med grindanlegga i og utanom beitesesongen. Det er naudsynt med godt feste av grindene for å hindre at grindene vert rivne ned og skadar sau og ville dyr. Forvaltar vurderer arbeidsmetode og plassering som miljøforsvarleg for dette føremålet jf. nml. § 12.

Konklusjon

I utgangspunktet er det ikkje tillate med faste innretningar i Nærøyfjorden landskapsvernombanen. Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar grindanlegga er reversibelt tiltak som vil gje verknad på landskapet i ein avgrensa periode. CWD kan potensielt smitte over til andre villreinstammer og til anna hjortevilt. For å redusera faren for smitte av CWD, er det difor aktuelt å gje dispensasjon til utvida periode med grindanlegga etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og andre alternativ. Utbrot av sjukdomen CWD er ein heilt spesiell situasjon, og smittefaren er ikkje under kontroll. Tiltak for å medverka til å utelukka eventuell smitte frå salteplassar veg difor tyngre enn omsynet til



Nærøyfjorden verneområdestyre

landskapsbilde. På denne bakgrunn vert det gjeve dispensasjon til vidareføring av tiltaket etter naturmangfaldlova § 48.



Arkivsaksnr: 2023/6830-5

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 02.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	26/23	12.06.2023

Nærøyfjorden landskapsvernombord - basestasjonar - bjøllesystem for sau

Innstilling frå forvaltar


Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Vestland Bjøllelag SA løyve til å sette opp fire basestasjonar for elektronisk bjøllesystem til husdyr i Nærøyfjorden landskapsvernombord. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Plasseringa av dei fire basestasjonane går fram av figur 1 i vedtaket
- Nøyaktig GPS-punkt skal målast inn ved montering og sendast til forvaltar innan 15. juli 2023.
- Kvar basestasjon kan festast i fjellet med inntil 8 jernbolter på 8 mm i diameter.
- Det kan plukkast steinar frå nærområdet til skjerming av festepunkta til basestasjonen. Steinane skal ikkje plukkast frå vardar eller andre kulturminne.
- Dersom det vert gjort funn av fangstanlegg der basestasjonen er planlagt, må tiltakshavar ta kontakt med verneområdestyret for å avklare ny plassering av basestasjonen.
- Maksimal høgde på mastene skal vera 110 cm over bakken.
- Basestasjonen skal plasserast slik at dei er minst mogleg synleg frå stiar i området, og nedanfor høgste toppane for å gjera stasjonane mindre ruvande i landskapet.
- Løyve til utplassering av basestasjonane gjeld frå beitesesongen 2023 til og med 31.12.2027.
- Søkjær skal demontera og frakta basestasjonane ut av området straks dei ikkje er i bruk, er ute av drift eller er skada. Jernboltane skal skjerast ned jamt med fjellet.
- Basestasjonane skal kunne nyttast av andre beitelag med husdyr i same fjellområdet.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 1: Kart som viser området for plassering av master, og vernegrensa.

- Tverrbotnnuten
- Styvisdalseggi
- Torisstølholtan
- Engjafjellet

Løyve til motorferdsel:

- Løyvet gjeld for inntil fire turar med helikopter for transport av basestasjonane.
- Løyvet gjeld ein dag i perioden 15.06 - 15.07.2023.
- Transporten skal om mogleg skje utanom søndagar og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Det skal takast omsyn til naturmiljø (særleg villrein) og folk i området ved gjennomføringa.
- SNO v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 970 97 720) skal varslast på førehand om kva dag det vert køyring. SNO kan gje informasjon om det er kjennskap til villrein i området.
Dersom villrein vert observert under helikoptertransporten, skal flygeruta endrast slik at villreinen ikkje vert uroa.



- Dette løyvet og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før turane startar.
- Det skal sendast skriftleg rapport om gjennomført transport til sekretariatet for Nærøyfjorden verneområdestyre innan 31.12.2023.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta. Tiltakshavar må i tillegg henta inn naudsynte avtalar med grunneigarar i området, og avklara med kommunane Aurland og Vik om tiltaket er søknadspliktig.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Vestland Bjøllelag SA om utsetting av basestasjonar for bjøllesystem i Nærøyfjorden landskapsvernombord, datert 14.04.2023
- Kart med plassering av basestasjonar
- Uttale til søknad, *Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell*, 01.06.2023
- Uttale til søknad, *Vestland fylkeskommune*, 02.06.2023

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Søknaden


Vestland Bjøllelag SA søker på vegne av Fresvik beitelag om å få sette opp 6 basestasjonar for elektronisk bjøllesystem til sau i Nærøyfjorden landskapsvernombord.

Beitelaget har i år gått inn avtale om leige av sauebjøller som kan sporast via mobildata og LoRaWan (eit lågfrekvent wifi-signal), frå Telespor. Slike bjøller gjer det mogleg å spore sau i fjellet sjølv i området med låg dekning og forenklar tilsyn og sanking.

Det er dårleg mobildekning i delar av området. Beitelaget har fått tilbod frå firma Telespor om basestasjonar som kan fylle hola i dekningskartet. Bildet under viser kart med Telenor GSM-dekning med Telespor sitt baseforslag. Basestasjonane skal betra mobildekning for elektroniske bjøller på sauene. Dette vil lette tilsynsarbeidet med sauene, og betre moglegheitene for å få alle sauene heim frå fjellbeite. Figur to viser plassering av basestasjonane i terrenget med vernegrensene teikna inn.




Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 2: Kvite felt markerer område i beiteområda som har for låg dekning for sporingsbjøllene. mastane (raude prikker) er tenkt plassert slik at dei dekker desse hóla.

Tidlegare system har vore satellitt-basert system for elektronisk sauebjøller. Dette har ein høgare pris både på innkjøp og drift enn det nye systemet med mobil-data og LoRaWan (ein form for Wifi på lågare frekvens).



Figur 1: Skisse av basestasjon. Kopi får søknad.



Bilde av basestasjon. Kopi frå søknad

Kvar basestasjon inneheld ein boks på ca. 30 cm x 30 cm x 8 cm med 3 antenner på. I tillegg er det ein batteriboks og eit solcellepanel. Solcellepanelet skal vere i drift frå mars til november. Systemet er i dale om vinteren, og kjem automatisk i drift att når det er nok sol på ettermiddagen. Solcellepanelet ligg skrått på bakken, og vil med det gje lite gjenskin frå sollyset. Det er ikkje naudsynt med vedlikehald av stasjonane, med mindre det er feil på basen, batteri eller solcellepanelet. Eventuelt vedlikehald er tenkt gjennomført utan motorisert ferdsel. Arleg tilsyn av stasjonane vert gjennomført i samband med tilsyn av sau i beitesesesongen til føts.

For sjølvे førstegongs-installasjonen er tanken å basere seg på helikopter til å fly ut utstyret på toppene, der helikopteret står 2-3 minutt på kvar topp for å laste av utstyr, og så å fly videre til neste topp. Folk frå beitelaga skal gå til kvar stasjon og montere utstyret etter utstyret er frakta ut med helikopter. Det er ikkje trond for transport for arbeidet med montering av basestasjonane.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombanen er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

Utplassering av basestasjonar er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*» Denne søknaden må vurderast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Føremålet med vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap der kulturlandskap med beitelandskap og stølsområde utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter. Området skal vernast mot tekniske inngrep, men samtidig skal verneområda kunne nyttast til tradisjonelt landbruk og friluftsliv.

Basestasjonar for elektroniske sporingsbjøller vil vere eit nyare teknisk inngrep i landskapet, og slike installasjonar er ikkje omtalt eller vurdert i verneplanprosessen, og er ikkje nemnt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Elektroniske sporingsbjøller er eit nyttig hjelpemiddel i landbruket for å letta arbeidet med tilsyn av sau på utmarksbeite, og det er nyttig i samband med sinking av sau på hausten. Beiting med sau på stølane og i utmarka er positivt for å ta vare på kulturlandskapet, og er med å fremjar verneverdiane. Det må gjerast ei vurdering av om basestasjonane er eit inngrep som strir mot verneføremålet eller om det kan påverke verneverdiane nemneverdig.


Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, forarbeida til vern, og skjøtselsplanar i fleire område. Alle punkta med planlagde basestasjonar er innanfor Fjellheimen villreinområde, og er viktige funksjonsområde for villrein. Motorisert transport bør difor gjennomførast etter 15. juni for å unngå den mest sårbare tida for villreinen. I uttalen frå villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, vert det understreka at forvaltinga må vera spesielt merksam på samla belastning av tiltak i eit villreinområde. På grunn av auka press og nedbygging av leveområda for villreinen i Norge, vart villreinen oppført på Raudlista for nær trua artar i 2021. Villreinnemnda meiner basestasjonane ikkje vil vera negativt for villreinen, men transporten i samband med etableringa av tiltaka må ikkje uroa villreinen. Med den kunnskapen vi har om villreinen sin bruk av området, vil basestasjonane lite truleg ha negativ verknad på villreinen i området.

Det er ikkje registrert andre raudlista artar i dei områda basestasjonane er planlagt plassert (Naturbase 31.05.2023).

Det er registrert fangstanlegg for villrein i store deler av fjellområdet rundt Fresvikbreen. Kartlegginga av fangstanlegg og andre kulturminne har ikkje vore gjennomført systematisk for heile området, så det kan ikkje utelukkast at det er fleire kulturminne i området.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 3 Kartet viser registrerte freda kulturminne. Kopi frå fylkesatlas

Vestland fylkeskommune har etterlyst meir deltaljar for plassering av basestasjonane før dei vil uttale seg i saka. Dei viser til at fangstanlegg er kulturminne som er automatisk freda etter kulturminnelova, og informerer om at «*Med til ein freda lokalitet eller kulturminne høyrer ei sikringssone på fem meter rekna frå ytterkanten av lokaliteten. I samsvar med kulturminnelova § 3 første ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne og sikringssona forbode med mindre det er gitt løyve etter kulturminnelova § 8.*» Det er ikkje kjente registreringar av fangstanlegg der basestasjonane er planlagt plassert. Tiltakshavar må likevel vera særskilt merksam på om det kan vera fangstanlegg i området, og melde frå til fylkeskommunen ved eventuelle funn. Kunnskapen om området er vurdert som god for å vurdera denne saka jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga eit tiltak vil få på naturmiljøet jf. nml. § 10. Basestasjonane vert nye tekniske inngrep. Dette er små installasjonar som er lite synlege på avstand, og vil ikkje gje dei store endringane i landskapet.



Alle basestasjonane vil koma innanfor område som er markert som inngrepsfritt område (INON). Basestasjonane er relativt små installasjonar, og vert difor ikkje rekna som tyngre installasjon som endrar definisjonen på område som eit inngrepsfritt området.

Løyve til å etablere basestasjonar i dette området vil kunne gje presedens for tilsvarende saker i desse og andre verneområde. Samtidig er beitedyr i området svært positivt for å halda kulturlandskapet ope, og landbruk er ein aktivitet det skal leggjast til rette for.

I nyare verneforskrifter for landskapsvernombordet er det reglar som opnar for å gje løyve til å sette opp master for elektroniske sauebjøller. Døme på dette er i Mørkisdalen landskapsvernombordet og i Stølsheimen landskapsvernombordet. Det er difor naturleg å vurdere løyve til dette i Nærøyfjorden landskapsvernombordet, så lenge det ikkje er i strid med verneføremålet eller er negativt for verneverdiene. Elektroniske sauebjøller vil vere med å lette arbeidet med tilsyn og sinking av sau på utmarksbeite, og er ein teknologi som vil bli meir brukt framover. Det er lagt opp til i søknaden at mastene skal takast ned om det vert betre dekning i området.

Tiltaket vil i liten grad medføra inngrep i landskapet, og vil kunne fjernast utan at det vil bli sår i terrenget. Forvaltar vurderer tiltaket som eit bagatellmessig tiltak som er reversibelt. Ved å plassere basestasjonane slik at dei er lite synleg frå turstiar i området, og med minst mogleg silhuettverknad, vil dei vere til liten skade for friluftslivet.

På denne bakgrunn vurderer forvaltar det er heimel i naturmangfaldlova § 48 til å gje løyve til tiltaket.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant for denne saka.

Basestasjonane som skal etablerast er små og mindre synlege i terrenget enn satellitt-baserte stasjonar. Beitelaga har vurdert kvar stasjonane bør plasserast for å få størst mogleg dekningsområde. Med stor rekkevidde vil det vere bruk for færre basestasjonar. Stasjonane kan monterast manuelt, og krev ikkje motorisert transport utanom ein helikopterlanding med utstyr på kvar stasjon. Dersom det er kjennskap til at villreinen er i området der det skal vera landing, må transporten utsetjast til villreinen har trekt vekk frå området, eller det må landast med helikopter i god avstand til villreinen. Før transporten tek til skal det meldast frå til Statens naturopsyn. Han vil gje informasjon om kjente observasjonar av kvar villreinen oppheld seg.

Vedlikehald og tilsyn kan gjerast til fots av beitelaga, og krev ikkje motorisert ferdsel. Forvaltar vurderer basestasjonane og plasseringa som godt vurdert, og at tiltaket er miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml. § 12. Basestasjonane er eit felles tiltak for mange beitelag, og vil vera til nytte for mange grunneigarar med beitedyr i Nærøyfjorden landskapsvernombordet.

Basestasjonane er berre naudsynt fram til den generelle mobildekninga i området vert betre og så lenge beitebrukarane nytter denne typen teknologi på sporingsbjøllene. Forvaltar innstiller difor på eit løyve til mellombels oppsetjing i første rekke i fem år. Om det vert behov for basestasjonar ut over denne perioden kan tiltakshavar søkje på nyt. Om bruken av mastene opphører, skal dei straks takast ned og boltar kuttast til bert fjell og alle spor



ryddast vekk. Vi ber om at Vestland Bjøllelag SA sender rapport ved fjerning av basestasjonane.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering meiner forvaltar basestasjonane ikkje vil ha negativ verknad på verneverdiane, og er ikkje i strid med verneføremålet. På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar at det er heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til etablering av basestasjonar på nærmere bestemte lokalitetar for elektronisk bjøllesystem i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Forvaltar rår til eit mellombels løyve som gjeld i fem år frå 2023-2027.